




HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for desember 2008.

Distrikt 2280
Klubbnr. 12713



Årgang 44

<http://www.hareid.rotary.no>



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Johan Ole Brandal
Visepres: Oddvar Haugen
Sekretær: Trygve Riise
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Åge Nytun
Styremedlem: Magnar Hatløy
Styremedlem: Vigdis Riise
Ansv.red.: Jostein Strand
Referent: Ingar Bigset

Fødselsdagar i desember.

Øystein Alme	14.12
Elias Sellevold	15.12
Bjørn Teigene	19.12
Einar Arne Rise	27.12

100 % frammøte i desember:

Øystein Alme, Sverre Bjåstad, Johan Ole Brandal,
Johs. J. Hareide, Jarle Kristiansen, Arve R. Røyset,
John Stennes, Einar Holm, Otto Holstad, Trygve
Riise, Elias Sellevold og Egil Utgård.

Frammøteprosent i desember: 70,8 %

En Stjerne skinner i natt.

Nå er den hellige time
vi står i stjerneskin
og hører klokkene kime
nå ringes julen inn

Englene synger høyt i kor
synger om fred på vår jord
verden var aldri helt forlatt
en stjerne skinner i natt

En nyfødt kjærlighet sover
nå er guds himmel nær
vår lange vandring er over
stjernen har stanset her

Englene synger høyt i kor
synger om fred på vår jord
verden var aldri helt forlatt
en stjerne skinner i natt

Se himmlen ligger og hviler
på jordens gule strå
vi står rundt krybben og smiler
for vi er fremme nå

Her kan vi drømme om den fred
som vi skal eie en gang.
For dette barn har himlen med
og jorden fylles med sang.

1. desember

Møtet starta med songen "At far min kunne gjera"

President Johan Ole B. ønskte vel møtt til alle saman, samtidig som han ville minne oss på at vi måtte sette av tid denne siste månaden i året til å skaffe nye medlemmer til klubben.

Det er eit ønske frå styret om å auke talet kvinner i klubben.

Rotary Foundation Seminar.

Hans Gisle Holstad stod for kveldens program.

Tema var det årlege Rotary Foundation Seminaret på Ørskogfjellet.

Rotary International vart stifta i 1905.

Rotary Foundation (Rotary sin "beregjelke") vart starta og vert leda av tidlegare Rotary Int. medlemmar. Dette er organet som grunna unntak frå skattereglane, kan ta mot gåver frå til dømes Hareid Rotary.

Utgiftene vil gå til ulike Program, som kan vere humanitære, kulturelle m.m.

Hareid Rotary si innbetaling av kontingent går til Rotary International.

Presidenten takka Hans Gisle H. for programminnslaget.

8. desember

Møtet starta med songen "Mellom bakkar og berg".

President Johan Ole B. ønskte vel møtt til alle saman, også til kveldens gjest Ottar Brandal.

Vesterisen-52, foredrag av Ottar Brandal, Einar Holm og Karl Johan Brandal.

Ottar Brandal, Einar Holm og Karl Johan Brandal heldt eit informativt foredrag om kvardagen sin på ishavet.

Føredraget tok i heilskap for seg turen dei hadde til Vesterisen i 1952.

Polarsel hadde mellom anna 7 mann frå Hareid ombord då dei forlet Brandal 15.mars. Ottar Brandal som var skyttar dette året, hadde far sin som skipper. Fangstinga starta 3-4 april med dårleg ver og vanskelege forhold. "Polarsel" tok imot beskjed om at fleire skuter sørvest om Jan Mayen, hadde møtt dårleg ver, mellom anna Buskøy.

Skutene som var i fangst, samla seg og starta turen mot iskanten, der dei vart liggande i le på veret før dei kunne gå til assistanse. Skutene vest av Jan Mayen let ikkje høyre frå seg.

Polarsel saman med Nordland, starta leiting etter skutene då veret løya. Arild, ein annan nordlandsbåt som også har vore vest av Jan Mayen, kunne rapportere om dårleg ver og skuter som hadde forlist.

Etter omfattande leiting fann dei kun eit lukedeksel og ein leider.

Det kom vekk 5 skuter og 78 mann på denne turen.

Presidenten takka for føredraget.

15. desember

Møtet starta med songen "Det lyser i stille grender"

President Johan Ole B. ønskte vel møtt til alle saman, samtidig som han uttrykte medkjensle med Oskar G. som miste dottera si i den tragiske brannen i Herøy helga før.

Henry Rotli er nominert til ny Distriktsguvernør i vårt område. Johan Ole kunne fortelje at GSE-utviklingsteamet frå Pittsburg som vi hadde på besøk, takka for gjestfriheita dagane dei hadde vore her hos oss,

Mai neste år vil vi sende ut eit team frå området vårt (Rotaryanar som reiseledar).

Ego-foredrag, Runar Haddal

Runar Haddal stod for kveldens program med sitt ego-foredrag.

Runar starta med å vise bilder frå barndomen, besteforeldra i Kaldholen, Sigbjørn (far) i drosja m.m. Runar var medlem av Hareid IL, friidrettsgruppa i oppveksten. Utdanninga starta med Ulstein vidaregåande skule, vidare Befalsskulen på Stavern. Bardufoss dei neste 9mnd. vart deretter neste stopp. Vidare studiar ved Universitetet i Oslo (samfunnsøkonomi) og Norges Handelshøyskole i Bergen. Runar kunne fortelje oss (naturleg nok) at han har følt at halve utdanninga hans kjem frå Hareid Drosjesentral. Jobberfaringa til Runar har han fått i Rolls-Royce Marine (tidl. Ulstein og Vickers Marine). Arbeidsoppgåvene har vore innanfor området Analyser og Strategi/ Analysere og Estimere. Under spørsmålrunnda til slutt var det stor interesse for temaet.

22.desember

Møtet starta med songen "Eit barn er født i Betlehem"

President Johan Ole B. ønskte vel møtt til alle saman, også til kveldens gjestar frå Australia Dick og Carina Cuttle (ei av Ingrid H. sine vertsfamiliar) og kappelan Stein Karstensen.



Stein K. fekk ordet og helt ei fin andakt der han sette oss i god stemning framføre julehøgtida. Han snakka mellom anna om "Erfaringane skal vi møta livet med" og "Erfaringane må vi bruke på ein god måte". Andakten vart avslutta med "Gud signe maten". For våre besøkjande frå Australia song vi "Silent night".

Lutafisk med tilbehør, eventuelt mør, stod så på menyen.

Dick C. fekk som avslutning på kvelden overlevert vimpel frå Hareid R. Han takka både for vimpelen og innbydinga frå Ingrid H.



29.desember var møtefri.